



SKÅRHAUG kjem på plass fredag ettermiddag og dei tre sjuandeklassingane som gjer jobben er Andrea Haugland Lunde, Marita Kjærland og Sindre Aksnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå og med fredag held fjordeklassa ved Uskedalen skule til på Halsatoppen! En ide som rektor Vidar Haugland har æra for har vorte til verkelegheit: Dørene i skulen har fått stadnamn i staden for berre klassetal, som ofte verka meir forvirrande enn opplysende.

- Tala stemte sjeldan, seier Haugland, som har hatt fjell- og fjellentusiastene Svein Sunde som "prosjektleiar" i dette tilfellet. Han har sjuande klasse og nokre av dei 15 sjuandeklassingane har vore med og sett opp skilta. Dei første av tilsaman 30 skilt kom opp fredag.

Skilta, som sjølvsagt er av tre, er laga av AFA. Nå skal det lagast eit kart over kven som "bur" i dei einssilde romma, som ei rettleiing i første omgang. Men Haugland og Sunde reknar ikkje med at det blir problem med å finna fram – dei er sikre på at både elevane og tilsette etter stutt tid vil hugsa kvar klassane er.

Dei namna som er valde er namn på fjelltoppar, stadnamn som er nærmast og godt kjende og også nokre "nye" namn som det er viktig å bli kjent med. Veit du til dømes kor Klepp ligg når det ikkje er tale om Klepp på Jæren? - Det er slett ikkje berre elevane som treng å læra fleire stadnamn i og omkring Uskedalen, eg har av og til hatt problem sjølv, seier Uskedals- og turveteran Sunde.

- Men det er sjølvsagt også ein pedagogisk baktanke med denne skiltinga, legg han til.
- Det forpliktar til dømes å "bu" i Englafjell. Det kan ein strengt tatt ikkje gjera utan å ha vore ein tur på toppen!

Berre eit lite tips til slutt: Skal du i biblioteket på skulen må du satsa på Tverrfjell!

Av Ola Matti Mathisen